



Strategiplan for Ål frivilligsentral Ål ungdomsfrivilligsentral 2026-2030



Møte mellom menneske

Innhald

Bakgrunn for planen	s. 3
Drift og økonomi	s. 4
Overordna føringar	s. 5
Mål og tiltak:	s. 6
• Stimulere til frivillig innsats	s. 6
• Møteplassar for barn og ungdom	s. 7
• Møteplassar for vaksne	s. 8
• Ål frivilligsentral og Ål ungdomsfrivilligsentral må vere synleg for alle	s. 9
• Samarbeid - leggje til rette for og koordinere med og mellom kommune, frivillige, einskild- personar og lag/organisasjonar.	s.10
Bilde	s.11
Logo - bakside	s.12

Bakgrunn for planen

Denne planen er ein fireårig strategiplan for Ål frivilligsentral og Ål ungdomsfrivilligsentral med ein handlingsdel og tiltaksdel som vert rullert årleg i årsmøte. Styret for frivilligsentralane ynskjer å ha ein strategiplan som kan stake ut kursen for verksemda dei næraste åra. Planen er tufta på statlege og kommunale føringar for frivilligsentralane.

Føremålet med planen er å skape gode og forutsigbare vilkår for frivilligsentralane.

Frivilligsentralane skal

- stimulere til frivillig innsats
- vere opne møteplassar for befolkninga
- vere eit bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor

Frivillig innsats skal gjerast utan løn, ha ikkje-kommersielt føremål og vere eit supplement til det arbeidet som blir utført av dei tilsette i kommunen. Dei frivillige skal ikkje utføre helse- og omsorgstenester.

Frivilligsentralane skal vere ein møteplass for alle på tvers av alder, kjønn, kulturar og føresetnader. Sentralane skal gjere lokala sine tilgjengelege for gratis utlån til frivillige organisasjonar så langt det er praktisk mogeleg. Kulturhuset sine lokale skal kunne brukast til aktivitetar for frivilligsentralane når lokala er tilgjengelege.

Frivilligsentralane skal ha eit godt samarbeid både med dei ulike avdelingane i kommunen og med frivillig sektor. For å skape aktivitet og gode møteplassar, er samskaping og samarbeid med andre avgjerande.



Foto: Styrketrening på Bråta, Turid Hilde Gåsbakke

Drift og økonomi

Ål kommune er eigar av Ål frivilligsentral og Ål ungdomsfrivilligsentral, og er ansvarleg for at frivilligsentralane har forsvarlege rammer for å drive aktivitet. Årsmelding og strategiplan blir vedteke i formannskapet som er årsmøte.

Forskrift om tilskot til frivilligsentralar er fastsett av Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD) av 30.6.2022. Lotteri- og stiftelsestilsynet forvaltar ordninga på vegne av KUD. Ramma på tilskotet blir vedteke etter Stortinget sitt årlege budsjettvedtak og fordelt likt mellom alle frivilligsentralane.

Krav som blir sett til frivilligsentralane for å motta tilskot står i § 7:

- “a. drive virksomhet i samsvar med formålet i forskriftens § 1, tilpasset lokale forutsetninger og behov*
- b.være eid og driftet av enten en kommune, en virksomhet i Frivillighetsregisteret, et samvirkeforetak der samtlige medlemmer er kommuner og/eller virksomheter i Frivillighetsregisteret, eller en kombinasjon av de nevnte*
- c. ha et rådgivende organ som kan påvirke driften av frivilligsentralen, der frivilligheten er representert*
- d. ha eget regnskap og årsrapport*
- e. ha tilgang på fysiske lokaler*
- f. ha minst ett årsverk, som hovedregel én person i 100 prosent stilling*
- g. ha lokal finansiering tilsvarende minst 40 % av frivilligsentralens totale driftsinntekter*
- h. benytte ordet «frivilligsentral» eller likelydende i frivilligsentralens navn”*



Dette er Ål frivilligsentral og Ål ungdomsfrivilligsentral i 2026:

- dagleg leiar i 100 % stilling
- aktivitetsleiar i 100 % stilling
- aktivitetsmedarbeidar i 30 % stilling
- styre med 6 medlemar + 3 varamedlemar
- 2-3 tilkallingsvikarar på BUA

Dagleg leiar har personalansvar for tilsette ved Ål ungdomsfrivilligsentral og rapporterer direkte til rådmannen.

Styremedlemene i Ål frivilligsentral mottek ikkje styrehonorar.

Møteplassar og aktivitetar som vert sett i gang, skal vere gratis.

Dei tilsette i sentralane søker jevnleg ulike støtteordningar og stiftelsar om tilskot til aktivitet.



Foto: BUA, Turid Hilde Gasbakk

Overordna føringar

Nasjonale føringar:

Alle frivilligsentralar i Norge må forhalde seg til nasjonale føringar gjennom forskrifta til Kultur- og likestillingsdepartementet om tilskot til frivilligsentralar av 30.6.2022.

Kommunale føringar:

Ål kommunestyre gjorde vedtak om oppretting av Ål frivilligsentral 18.02.2010 og Ål ungdomsfrivilligsentral vart oppretta i mai 2018.

Strategiplanen for Ål frivilligsentral og Ål ungdomsfrivilligsentral byggjer på det fundamentet som er lagt i ulike kommunale planar presentert nedanfor.

Kommuneplan Ål kommune 2015-2027:

Kommuneplanen har satsing på folkehelse der frivilligsentralen er nemnt som godt etablert og eit folkehelsegode. Kommuneplanen sin visjon er *eit levande Ål for alle* og overordna mål er bl.a.:

- I Ål skal det vera godt å bu og leva
- I Ål skal alle verta sett, inkludert og respektert
- Ål har, og vil ha, aktive, kreative, deltakande og skapande innbyggjarar.

Kulturplan 2019-2025:

I punkt 4.8 "sosialt frivillig arbeid" står det at frivillig arbeid skal ha gode vilkår i kommunen og tilby gratis utlån av sports- og fritidsutstyr til innbyggjarane i Ål. Tiltak er:

- Ål frivilligsentral skal fungere som eit knutepunkt mellom ulike frivillige lag og kommunen
- Utstyrssentral vart oppretta i 2019 og utstyret må fornyast ved behov

Helse- og omsorgsplan 2025-2028:

I denne planen er det også vist til ulike nasjonale planar. Folkehelse og frivillig innsats er nemnt i alle desse planane.

Oppvekst 2030, strategidokument:

Visjonen er: alle som veks opp i Ål skal bli flygedyktige og rotfaste. Dokumentet handlar bl.a. om språktrening, språkpraksis og arbeidstrening av elevar.

Temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2021-2025:

I temaplan for idrett er frivilligsentralane nemnt under måla:

- auke samhandling, tilrettleging og forståing for inkludering av alle, utan omsyn til utfordringar eller bakgrunn
- synleggjering og rekruttering, spesielt fokus på å hindre fråfall i ung alder

Frivilligstrategi for Ål kommune 2026-2028:

Ål frivilligsentral saman med Ål kommune har utvikla frivilligstrategien i dialog med lag og organisasjonar. Den skal vere eit grunnlag for kommunen sin utøvande frivilligpolitikk og styrke samarbeidet mellom kommunen og dei frivillige. Strategien støttar opp om mangfold av arenaer, aktiviteter, arrangement og bidreg til gode og inkluderande møteplassar.

Mål og tiltak

Stimulere til frivillig innsats

Frivilligsentralen har som mål å rekruttere nye frivillige og behalde dei vi har. Dei frivillige skal føle seg sett, høyrte, følgt opp, anerkjent og ivaretatt på ein god måte.

Den frivillige innsatsen betyr mykje for utviklinga av velferdssamfunnet vårt, for relasjonsbygging, nettverk, livsglede, læring, meistring, fysisk og psykisk helse, og for at alle kan vere ein del av eit større fellesskap. Alle kan bli stimulert og motivert til eit meningsfullt liv ved å hjelpe eller ta imot hjelp.

Tiltak
Delta / arrangere møte for nye ålingar - velkomstbrev, velkomsttreff o.a.
Gje dei frivillige kompetanse ved å arrangere årlege møte i samarbeid med sektorane
Setje pris på den frivillige innsatsen ved å: • invitere dei frivillige til sosiale samankomstar • blomehelsing - til frivillige som fyller runde tal, i tillegg ved 75, 85 og 95 år • frivilligpris - til frivillig knytta til Ål frivilligsentral/Ål ungdomsfrivilligsentral
Synleggjere og informere om det frivillige arbeidet
Nytte ulike møteplassar og aktivitetar til rekruttering
Lage oversikt over frivilligtimar - registrerast kvart 4. år



Foto: Frivilligfest på Evjens, Simen Bierke

Møteplassar for barn og ungdom

Ål ungdomsfrivilligsentral skal leggje til rette for opne og inkluderande møteplassar for barn og ungdom på tvers av av kjønn, kulturar og føresetnader. Møteplassar er ein viktig del av folkehelsa, meistring og satsinga på bu- og blilyst. Vi ynskjer at alle barn og ungdom skal trivast i Ål.

Tiltak

Arbeide for å dekke behov for eit permanent lokale for å drifte ungdomsklubben "Hallung"

Låne ut friluftsutstyr via BUA utstyrssentral:

- arbeide for god nok bemanning til å oppretthalde god kvalitet og kompetanse
- søkje midlar til fornying og vedlikehald av utstyr

Gjere Hallung ungdomsklubb endå betre som ein uformell møtestad med frie aktivitetar og arrangement

Vidareføre arbeidet med lokal fritidskasse.

Arrangere aktivitetar i skuleferiar - koordinere og organisere tilbod

Alle Med - ansvar for å ta imot alle med behov for å finne aktuelle fritidsaktivitetar/arenaer

Ha fokus på bærekraft og gjenbruk

Benytte utandørs arenaer - Bråta, Elvelangs, Oppsjø vasspark, Strandafjorden rundt mm til aktivitet

Arbeide for å få til generasjonsmøter - felles aktivitetar og lokale for møte mellom barn, unge og vaksne

Vere ein arena der skuleelevar / ungdom har arbeidstrening



Foto:Hundekøyring i vinterferien, Simen Bjerke

Møteplassar for vaksne

Ål frivilligsentral skal leggje til rette for opne og inkluderande møteplassar for vaksne på tvers av av kjønn, kulturar og føresetnader. Møteplassar er ein viktig del av folkehelsa, meistring og satsinga på bu- og blilyst. Vi ynskjer at alle skal trivast i Ål.

Tiltak
Tilby møteplass - for å arrangere ulike aktivitetar / kurs / prosjekt / tiltak
Tilby gratis møterom - for lag og organisasjonar
Digital bygdis - informasjon, opplæring og datahjelp
Språktrening - leggje til rette for språktrening ved behov
Småjobbsentralen - leggje til rette med lokale, hjelp og støtte
Utandørs arenaer - nytte Bråta, Elvelangs, Oppsjø vasspark, Strandafjorden rundt mm til aktivitet
Ha fokus på bærekraft og gjenbruk
Ha tilgang på fadderar til nye ålingar
Arbeide for å få til generasjonsmøter - felles aktivitetar og lokale for møte mellom barn, unge og vaksne



Foto: Verda Vår Nederland, Turid Hilde Gåsbakk

Ål frivilligsentral og Ål ungdomsfrivilligsentral må vere synleg for alle

Frivilligsentralane må kommunisere ut tenestene og aktivitetane sine på ulike informasjonskanalar for å nå ut til dei som ønsker å delta.

Tiltak
Ajourføre nettsidene til frivilligsentralene kontinuerleg
Framsnakke - det frivillige arbeidet i Ål ved alle høve der det er naturleg
Nytte velkomsttreffet for nye ålingar til å synleggjere frivillig arbeid, møteplassar, tilbod om fadderordning
Bruke aktuelle sosiale media
Kontakte Hallingdølen kvar gong sentralane har eit nyhende eller noko interessant å melde om



Foto: Sommarcamp med rafting, Simen Bjerke

Samarbeid - leggje til rette for og koordinere med og mellom kommune, frivillige, einskildpersonar og lag/organisasjonar.

Samarbeid er avgjerande for å skape aktivitet og arrangement som inkluderar og engasjerar alle innbyggjarane. Ål kommune byggjer på prinsipp som omfattar samskaping, der tilsette, politikarar, innbyggjarar, frivillige lag og næringsliv saman finn ut korleis eit behov eller utfordring skal løysast.

Tiltak
Ha eit aktivt samarbeid med: • frivillige lag og organisasjonar • ulike avdelingar i kommunen • næringsliv • politikarar
Planlegge og koordinere - både nye og etablerte aktivitetar saman med andre aktørar
Vere ein ressurs i arbeid med kriseberedskap i Ål kommune
Vere koordinator for NRK sin TV-aksjon
Arrangere strategikonferanse - årleg konferanse for Ål frivilligsentral og Ål ungdomsfrivilligsentral
“Det frivillige gullet i helsesektoren” - implementere rutinar for frivillig arbeid i helse- og omsorgssektoren og vere ein ressurs i trivselskomiteen i helse



Foto: skuleløp for TV-aksjonen for alle elevar på Bråta, Turid Hilde Gåsbakk



Foto: BUA ved Oppsjø Vasspark, Turid Hilde Gåsbakk



Ål ungdomsfrivilligsentral
Myren 40, 3570 Ål
Tlf: 46 86 00 39
www.aalu.frivilligsentral.no



Ål Frivilligsentral
Myren 40, 3570 Ål
Tlf: 90 70 86 37
www.aal.frivilligsentral.no